



Lovsongen lyder på Stemneplassen i kveld. Leiar Arnt Jakob Helvik foran til venstre

- Skal eg be for nakken din?

Spørsmålet vart stilt til ein med nakkesmerter på kafeen i Gamleskulen i dag og den som spurde var frå Osfellesskapet. Det er ein tverrkyrkjeleg institusjon som har basis i Os men som også reiser rundt på Vestlandet heile året.

I sommar satser dei på Uskedalen i så mykje som tre veker.

Som base har dei fått låna bedehuset gratis av den lokale indremisjon.

Ein annan base er bussen, som blir ståande utanfor Gamleskulen.



Bussen blir ståande ved Gamleskolen framover

Førebels eri 10-12 med på opphaldet men det kjem fleire etterkvart, fortel leiar Arnt Jakob Helvik til uskedalen.no mellom lovsongane på Stemneplassen. Hvis veret tillet vil det bli møter der på tysdagar, torsdagar og laurdagar og det første vart avvikla i kveld.

Osfellesskapet er i Uskedalen for første gong, men er godt kjent i Kvinnherad, der dei mellom anna har vore i natt-teneste på Husnes Bedehus. Dei driv klassisk, kristent arbeid som femner vidt - frå kyrkja via bedehusmiljø til andre grupper. Dei kan med andre ord ikkje kallast ei sekt.

- Vi har så langt fått ei god og positiv mottaking her. Soknepresten, indremisjonen, Kristent Fellesskap og enkeltpersonar i bygda fortener ros for det og slik håpar vi at det vil halda fram, seier leiaren.

Han strekar under at dei ikkje berre skal halda møter og forkynna den glade budskapet, men at dei også stiller opp med praktisk hjelp. Det kan til dømes vera grasklypping og flytting. Frå bussen vil dei servera kaffe og vaflar og ta kontakt med folk.

-Hvis nokon ønskjer det, skal vi be for dei, men det er sjølv sagt frivillig, presiserer Helvik.

Osfellesskapet har også ein internasjonal profil som mellom anna kjem til uttrykk gjennom hjelp til dei mange som treng det i Latvia. Ein latvisk familie som har fått hjelp er venta til Uskedalen snart.

Ein indiar var på plass under møtet i kveld.

Han kjem frå eit område der Santalmisjonen har hatt arbeid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen